

KORONA virus: Informasjon til kommunehelsetenesta og legevaktsentralane

Førde 7.febr. 2020

Som kjent er det eit utbrot i Kina med et nytt koronavirus (2019-nCoV). Helse Førde ynsker å få til eit godt samarbeid med primærhelsetenesta ved mistanke om koronavirusmitte.

Vi må vere budde på at viruset kan spreie seg til Norge, i første omgang som sporadiske einskildtilfelle. Folkehelseinstituttet (FHI) gjev god [retteleiing](#) på fhi.no om når 2019-nCoV-sjukdom bør mistenkast og korleis det skal handterast både i primærhelsetenesta og i sjukehus.

Det er samtidig viktig at vi gjer lokale tilpassingar til dette og etablerer gode rutinar og godt samarbeid.

Så lenge vi er i ein situasjon med ingen eller få påviste tilfelle med 2019-nCoV i Norge, handlar god handtering ikkje berre om å gje god behandling til pasientane som treng det. I denne fasen er det å hindre vidare smittespreiing også svært viktig.

Folkehelseinstituttet har lagt opp til at vurdering og prøvetaking kan skje i primærhelsetenesta ved å isolere pasienten heime til prøvesvar føreligg. I den fasa vi er i nå er framleis mykje ukjent med omsyn til dette viruset.

Det kan difor vere mest føremålstenleg å få gjort prøvetaking og ev. isolasjon i sjukehus. Testing, isolering og oppfølging av nærkontaktar er ressurskrevjande, så dette vert gjort kun ved kvalifisert til mistanke. Kartlegging av nærkontaktar/smitteoppsporing skal gjerast i samarbeid med Folkehelseinstituttet

Fastlegar og legevakt kontaktar Helse Førde ved misstanke om smitte ved å ringe sentralbordet 57 83 90 00.

Sentralbordet vil

- på vakttid sette over til vakthavande overlege med medisinsk avd. FSS
- i kontortid måndag til fredag medisinsk fagleg rådgjevar, overlege Torgeir Finjord

Legg merke til [kriteriekrav for misstanke/testing](#) hjå FHI.

Virologisk prøvetaking

Virologisk prøvetaking av mistenkte tilfelle bør førebels ikkje gjerast i kommunehelsetenesta utan å konferere med overlege ved medisinsk avd. FSS - ev. smittevern vakt ved FHI (tlf. 21 07 63 48). Prøvetaking i kommunehelsetenesta føreset uansett at ein kan gjere prøvetaking på ein riktig og trygg måte.

Transport mistenkte tilfelle tilvist Førde sentralsjukehus vert koordinert med AMK Førde.

Avklar med medisinsk overlege og ev. Folkehelseinstituttet korleis ev. familie/nærkontaktar skal forhold seg. Sjå [FHI tilråding](#) ved rørande oppfølging av nærkontaktar.

Varsling

Vi minner elles om at mistenkte tilfelle skal varslast til Kommuneoverlegen som varslar vidare til Folkehelseinstituttet. Ev. må ein varsle Folkehelseinstituttet direkte ved å ringe Smittevern vakta.

Seksjon kvalitet og pasienttryggleik

Kari Holvik Furevik
seksjonsleiar